



Ankeret er ei gåve frå Helga og Trygve Haugland

**Ankeret, som i si tid var ei gåve frå Helga og Trygve Haugland, har fått ei ny plassering i båthamna. Trongen for større parkeringsplass var grunnen til ei justering.**

Birger Myklebust fortel bakgrunnen for at ankeret vart plassert i båthamna. Han var engasjert i drifta i mange år og hadde eit framlegg til styret om å få plassert eit større anker som utsmykking og ein vakker dekorasjon. Fleire aktuelle eigarar vart spurde. Det enda opp med at Olav Haugland og syskena hans let Båtlaget vederlagsfritt få overta ankeret frå foreldra sin bustad i Uskedalen. Mange kjenner ankeret frå den tida Helga og Trygve Haugland dreiv Anker Kafe på 1960 talet.

Tor Mykelbust fekk laga ei bronseplate med teksten: Ankeret er ei gåve frå Helga og Trygve Haugland.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal